



Referat frå styremøte i styret for Betel onsdag 29. april 2015

Til stades:

Oddvar Hægeland (2015-2017)

Øystein Kvamme (2015-2016)

Sigrid T. Lofstad (2015-2017)

Sigrun Lønning Solvang (2015-2017)

Sigrid T. Lofstad las frå Fil. 4 til opning.

Sak 15/15: Godkjenning av referat frå styremøte 25. mars 2015

Referatet blei godkjent med merknad under sak 14/15 at Sigrun L. Solvang ikkje tar direkte kontakt med Misjonsbladet, men via Øyvind Haraldseid.

Sak 16/15: Godhetsveka 2015

Sigrid Lofstad orienterte om status og siste møte i komitéen der ho lufta noko av frustrasjonen styret for Betel har hatt i denne saka. Det har særleg gått på informasjonsflyten.

Fredheim er basen for opplegget. Ein vil prioritere eldre, innvandrarar og folk som er aleine. Til no er det ikkje så mange som har meldt behov, men ein del har tatt kontakt. Mellom 30 og 40 har sagt seg viljuge til å bidra.

Måndag 4. mai blir det kickoffsamling på Fredheim kl. 17 med mat og informasjon. Det blir kvar kveld frå 17-21 og laurdag kl. 10-15.

Sundag 10. mai blir veka avslutta med ei gudsteneste i Bryggeparken.

Styret vedtok at eit eventuelt underskot kan bli dekka av vår part av overskotet som står på kontoen for fellesmøta.

Sak 17/15: Planlegging av hausten

Sigrun L. Solvang kjenner på at det er mykje å vere ansvarleg både for sundagstreffa og for møte elles. Sigrid Lofstad blir litt med i planlegginga her. Det som er viktig, er å planleggje godt sjølv om det umogleg å ta omsyn til alle møtelistene. Styret arbeider vidare med songmøte og temamøte.

Styret er klar over at det har blitt få møte i vårterminen og er opne for innspele både når det gjeld møtetypen og tidspunkt m.m. for møte i haustterminen.

Sak 18/15: Status på diverse inventar- og byggeprosjekt

Øystein Kvamme orienterte om korleis det går med framdrifta når det gjeld rullestolrampe. Prosjektet blir realisert til hausten. Nytt vindu i 2. etasje og vindskibord er delegert til vaktmeister med hjelparar.

Pris på ny talarstol og minglebord blir sjekka av Øystein Kvamme til neste styremøte med tanke på innkjøp slik at det er klart til hausten.

Sak 19/15: Eventuelt

Sigrid Lofstad hadde eit par infosaker. Betel har ei postkasse som det kjem veldig lite nytig post i. Styret vedtok at denne blir skrudd ned. Korrespondanse må difor vere ved namngjevne personar og adresse.

Jubileumsfest Betel: Første komitémøte blir mandag 11. mai

Sigrun L. Solvang tok opp om vi kan flytte den nye, flotte infotavla om Jakobs Hus som Tone Fosse har laga opp i møtesalen. Styret vedtok at det kan vi gjere viss det er greitt for Tone.

Neste styremøte er onsdag 10. juni. Øystein stiller med andakt og kaffe.

Oddvar Hægeland, sekretær